



Kaptein Vidar Koløy på MS INGVILD syner fram draftet og seglasen frå Uggdal, gjennom Lukksund til Børneset.

Klokka åtte i dag tidleg gjer kaptein Vidar Koløy seg klar til å gå Lukksund med MS INGVILD på seglas frå Uggdal på Tysnes til Børneskaia i Uskedalen for lastning av tømmer for Wismar i Nord Tyskland. Straks fartyet er fortøyd spør uskedalen.no om løyve til eit skipsbesøk. Svaret kjem kjapt: *Kom - kaffien er sett på.*



Kapteinslugaren er stor og romsleg med mellom anna kontor, køyplass og dusj/toalett.


MS INGVILD er ein såkalla sjølvlossar og går for det meste i trelastfarten på Tyskland og Polen. Returlasta er ofte flis frå Randers i Danmark til Follafor's inst i Trondheimsfjorden. Vidar Koløy er ofte innom 10 hamner frå Salten i nord til Gent i Belgia før lasta vert lossa i Wismar. Den 99 meter lange skuta lastar 5200 tonn (dwt) under og over dekk.

MS INGVILD høyrer til familierederiet Reidar Myklebusthaug. Dei har tilsamn 18 skip fordelt på cargo, lekter, supply og konteinerskip. Rederiet vert administrert frå Fønnes. Vidar Koly har vore førar på MS INGVILD i eit år. Før det var han innom MS NORDVIND og eit uttal ferjer. Koløy har utdanning som dekksoffiser i klasse 1. Han kan føra alle typar skip. Han har Farledsbevis og kan gå på norskekysten utan los. Det er losplikt i andre europeiske hamner. Koløy likar seg best på kysten og går ofte indre lei der det let seg gjera.



MS INGVILD går til vanleg med ein fart på 12 knop. Mskinrommet er reint og velhalde.

Kaptein Koløy viser oss rundt, frå brua på toppen til maskinrommet i botn. Vi er innom lugaren og kontoret hans, messa, salongen og lagerrom. På MS INGVILD bygd i 1977 er det to messer, ei for offiserane og ei for mannskapet. Vidar et i offisersmessa, men likar seg best saman med alle i mannskapsmessa.



Vidar koløy går alltid Lukksund på seglas frå nord til Børneskaien.

MS INGVILD går med eit mannskap på 12 mann. Det er russisk overstyrmann og chief. 2. styrmann, maskinist, kokk og matrosar kjem frå Filippinene Martin Hauge frå Uskedalen har vore matros ombord.

Vidar Koløy går turnus med fire veker på og fire veker av. Filippinarane står 9 månader om bord. Dei vil ofte stå lenger, men reglementet pålegg dei å ta ut noko fritid.

Det er gjensynsglede då konemor og borna, kjem på gjesting. Telefonen ringjer. Det er meglar. Han må på nytt gjennom Lukksund, til Eikelandsosen, for å få ei fullasta skute. Neste stopp er Wismar. I kveld i 22 tida er MS INGVILD registrert med 12 knops fart over Jærens Rev.

Takk for besøket, seier vi, og god seglas på sør.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



MS INVILD er norsk registrert og fører norsk flagg.